




NASJONALT
TRYGGINGSORGAN

Årsrapport 2020



Nasjonalt tryggingsorgan (NSM)

er fagstyresmakta for førebyggjande trygggleik i Noreg. NSM gir råd om og fører tilsyn med mellom anna sikring av informasjon, objekt og infrastruktur av nasjonal verdi. Vidare har NSM eit nasjonalt ansvar for å oppdage, varsle om og koordinere handtering av alvorlege IKT-angrep.

Innhald

004	1 — Leiaren har ordet
	Om å improvisere med kvalitet
008	2 — Introduksjon til verksemda og hovudtal
010	Dette er Nasjonalt tryggingsorgan
013	Organisasjon og leiing
014	Utvalde hovudtal 2020
016	3 — Aktivitetar og resultat
018	Samla vurdering av resultatata, dei oppnådde måla og ressursbruken i 2019
022	Delmål 1: Sektordepartement og verksemdar er sette i stand til å etterleve krava i den nye tryggingslova
026	Delmål 2: Rette skjermingsverdige informasjonssystem er identifiserte, og objekt og infrastruktur er peikte ut og klassifiserte
028	Delmål 3: Den nasjonale evna til å førebyggje, oppdage, analysere og handtere alvorlege digitale angrep er styrkt og vidareutvikla
032	Delmål 4: Personelltryggleiken er styrkt, og risikoen for innsidarar er redusert
034	Delmål 5: Forsvarssektoren får rettidig og relevant støtte frå NSM
036	4 — Styring og kontroll i verksemda
038	Overordna vurdering av opplegget for styring og kontroll
040	Arbeid med inkluderingsdugnaden og andre personellrelaterte forhold
040	Sentrale fakta om forvaltinga av innkjøpsrutinane i verksemda
042	5 — Vurdering av framtidsutsikter
044	Risikobiletet stiller krav til det nasjonale tryggingsarbeidet
048	6 — Årsrekneskap
053	Prinsippnote til årsrekneskapen



Foto: Cecilie S. Andersen

Om å improvisere med kvalitet

Då vi gjekk inn i 2020, hadde NSM vore gjennom eit hektisk år. I 2019 hadde vi omorganisert, vi hadde etablert Nasjonalt cybertryggleikssenter, og ny tryggingslov blei sett i kraft. Vi var klare for eit år der vi skulle komme inn i «normal drift» og vidareutvikle det vi hadde fått på plass.

Som resten av innbyggjarane i Noreg ante vi ikkje kva som var i vente.

Då koronapandemien trefte Noreg med full kraft og landet i praksis stengde ned i mars, blei definisjonen på kva det vil seie å «vere på jobb», endra raskt. Heimekontor gir openbert mange fordelar og stor fleksibilitet, men nye og store risikoar dukka òg opp. Kor sikre er eigentleg heimekontorløysingane, og korleis sørgjer vi for at alle system blir tryggleiksoppdaterte, også for dei som jobbar heimanfrå? Etterspurnaden etter rådgiving auka, og NSM har gjennom året vore hyppig i media for å åtvare og gi tilrådingar. Tydelegare enn nokon gong har vi gjennom pandemien vist vår kompetanse og verdi i samfunnet.

I 2020 var NSM urolege for tryggleiken i videokonferanseløysingar og gav råd om kva ein burde tenkje på. NSM gav råd om passord for personar og verksemder, kom med tips for tryggleik under noregsferien og gav råd om tryggleik på mobile einingar.

Vi peikte på utfordringane som følgjer med konkursar blant selskap som leverer produkt og tenester til tryggleiksgraderte innkjøp, og gav råd om avtalar som måtte på plass for å sikre gradert informasjon og vidare leveransar.

Det som kanskje uroa oss mest i 2020, var korleis trusselaktørane ville utnytte pandemi-situasjonen.

Uroa var ikkje grunnlaus.

Gjennom året har vi sett korleis fleire norske verksemder blei ramma av dataangrep, som Hurtigruten, Vard, Noregs handelshøgskole, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet og Østre Toten kommune. For ikkje å gløyme Stortinget i fjor haust. Lista begynner å bli lang.

Nokre av dei vellykka angrepa kjem av at nødvendige tryggingstiltak ikkje er på plass, som til dømes at viktige oppdateringar manglar. Andre viser at vi står overfor avanserte truslar som må møtast med avanserte mottiltak. Talet på større digitale angrep dobla seg i 2020 samanlikna med 2019.



FAKTA

Kjetil Nilsen

Stilling: Direktør **Alder:** 60 år

Utdanna politi, jurist og har ein mastergrad i leiing. Han har òg befalsutdanning frå Forsvaret og NATO Defense College.



«Tydelegare enn nokon gong har vi gjennom pandemien vist vår kompetanse og verdi i samfunnet.»

Samtidig som vi har handtert fleire hendingar enn nokon gong, heldt vi fram med både vidareutvikling og nyetablering av råd og tilrådingar. Grunnprinsipp for IKT-tryggleik kom ut i ny versjon, og grunnprinsipp for både fysisk tryggleik, personelltryggleik og tryggleiksstyring kom ut for første gong. Saman viser grunnprinsippa til NSM korleis verksemder bør gå fram for å etablere heilskapleg sikring.

2020 var ikkje noko godt år for planleggjarar. Men det var eit godt år for dei som evna å improvisere med kvalitet. At vi sette ein såpass tydeleg agenda med mange konkrete råd i perioden mars til juni, og vidare gjennom året, viser at NSM har klart nettopp det – å improvisere med kvalitet. Vi har vist at vi kan handtere vesentlege endringar i samfunnet rundt oss.

Til liks med dei fleste andre verksemder arbeider også NSM med å digitalisere tenestene sine. I 2020 starta vi arbeidet med å digitalisere saksbehandlinga av tryggleiksklareringar, mellom anna i samarbeid med Altinn. Prosjektet er eit døme på korleis digitalisering effektiviserer offentleg sektor, og på samarbeid mellom fleire aktørar. Resultatet vil bli ein smidigare klareringsprosess for både dei som skal klarere, og dei som blir klarerte.


Arbeidet med å peike ut grunnleggjande nasjonale funksjonar etter tryggingslova er no over i ein ny fase. Framover blir det viktig å evne å sjå kompliserte samanhengar mellom verdikjeder og funksjonar og å setje inn dei


rette sikringstiltaka. Dette er ikkje noko NSM kan gjere åleine. Ansvarlege sektordepartement er godt i gang med første del av arbeidet, og NSM støttar med råd og tilrådingar.

Forsvaret er ein av dei viktigaste «kundane» til NSM. Vi leverer mellom anna ei rekkje tenester innanfor kryptologifaget, noko som er med på å sikre Noreg ei viktig rolle i NATO. Framtida vil setje endå større krav til denne typen tiltak som kan sikre dei kompliserte digitale verdikjedene vi er avhengige av.

Etter tolv år i direktørstolen er eg i ferd med å avslutte jobben min i NSM. Eg har hatt gleden av å leie ein organisasjon i stor vekst, og NSM har i dag ei sentral rolle i arbeidet med å sikre det norske samfunnet. Det har vore svært givande år, og det er ei glede for meg å takke av og ønskje både etterfølgjaren min og dei gode medarbeidarane mine lykke til vidare med det viktige arbeidet NSM gjer.

Kjetil Nilsen
Direktør





Introduksjon til verksemda og hovudtal



Dette er Nasjonalt tryggingsorgan

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er ei fag- og tilsynsstyresmakt som arbeider på tvers av sektorar innanfor den førebyggjande tryggingstenesta i Noreg. Direktoratet er ekspertorganet for informasjons- og objekttryggleik i Noreg.

NSM er òg nasjonal varslings- og koordineringsinstans for alvorlege dataangrep og andre IKT-tryggleiksrelaterte hendingar.

Som direktorat er NSM administrativt underlagt Justis- og beredskapsdepartementet, men rapporterer òg til Forsvarsdepartementet.

For di NSM er ei EOS-teneste (etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste), er det noko informasjon om verksemda som ikkje kan leggast fram i årsrapporten. Dette er på grunn av reguleringar i tryggingslova. Denne informasjonen vil gå fram av verksemds- og resultatrapportane frå NSM til Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet.

Nasjonalt tryggingsorgan skal bidra til å verne om norsk suverenitet, den territoriale integriteten vår og den demokratiske styreforma vår gjennom å førebyggje, avdekkje og motverke tryggleikstrugande verksemd.

Vi utøver ansvaret i tråd med *lov om forebyggende sikkerhetstjeneste (tryggingslova), lov om oppfinnelser av betydning for rikets forsvar*, med forskrifter, og anna relevant lov- og regelverk som gjeld for statlege etatar.

Opggåvene til NSM er mellom anna å rettleie og føre kontroll med verksemdar som er underlagde desse regelverka. NSM skal bidra til å utvikle tryggingstiltak og fastsetje krav til førebyggjande tryggingsarbeid. Vidare skal NSM gi informasjon, råd og rettleiing om førebyggjande tryggingsteneste for å byggje kompetanse hos verksemdene som er omfatta av tryggingslova. Vi gjer førehandskontroll gjennom tryggingsgodkjenningar, kontinuerleg kontroll og etterkontroll gjennom tilsyn. Vi er i tillegg nasjonal distribusjonsstyresmakt. Det vil seie at vi produserer, distribuerer og fører rekneskap og kontroll med kryptomateriell for vern av tryggleiksgradert informasjon.

Som nasjonal fagstyresmakt for IKT-tryggleik skal NSM støtte og bidra til utøvinga av det ansvaret Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet har på IKT-tryggleksområdet. Justis- og beredskapsdepartementet har samordningsansvaret for førebyggjande IKT-tryggleik i sivil sektor. Denne samordninga skal vi mellom anna gjennomføre ved å halde fram utviklinga av NSM som det nasjonale fagmiljøet for IKT-tryggleik i Noreg. Dette skal bidra til betre IKT-tryggleik i samfunnet og til å møte utviklinga mot eit stadig meir komplekst IKT-risikobilete.

Det er verksemdene sjølve som har primæransvaret for sin eigen tryggleik. Forsvaret er ei av dei største verksemdene vi samarbeider med, og vi samarbeider òg nært med store private selskap som mellom anna eig avgjerande infrastruktur.

Den digitale utviklinga har gjort alle delar av samfunnet vesentleg meir sårbare. Det påverkar ansvarsområda våre. NSM varslar om og koordinerer handteringa av alvorlege dataangrep mot avgjerande infrastruktur og viktige samfunnsfunksjonar gjennom Nasjonalt cybertryggleikssenter (NCSC).

Vi er alle avhengige av digitale system som fungerer. Tryggingsutfordringane omfattar alle nivå i samfunnet, frå vern av PC-ane, mobiltelefonane og nettbretta til enkelt-personar til vern av system som er avgjerande for viktige samfunnsfunksjonar.

NSM skal utvikle, halde ved like og kontinuerleg formidle eit heilskapleg IKT-risikobilete. Dette omfattar risikoforhold for statleg tryggleik, samfunnstryggleik og tryggleik for individet. NSM skal identifisere og foreslå tiltak for å betre tryggleikstilstanden, gi råd og fremje forslag til nasjonale krav på området.



Tryggingslova gjer det mogleg for oss å hente inn eit betre og breiare informasjonsgrunnlag for å vurdere tryggleikstilstanden i Noreg. NSM arbeider med å vidareutvikle metodar for analyse og styrkje datagrunnlaget, slik at vi kan framstille tryggleikstilstanden i Noreg på ein meir nyansert og presis måte.

Folk flest er viktige for tryggleiken i samfunnet. Det er heilt vanlege folk som sørgjer for at dei sjølve og andre er trygge på arbeidsplassen, som behandlar sensitiv informasjon, data-maskiner, mobiltelefonar og nettbrett, og som bidreg til god tryggleikskultur. I kva grad vi er medvitne om tryggleiken – som leiar, kollega eller privatperson – påverkar både tryggleiken til riket, tryggleiken i samfunnet og vår eigen tryggleik. Derfor er vi opptekne av å gjere heile samfunnet meir medvite om tryggleik, i samarbeid med andre offentlege og private aktørar.

Totalforsvarskonseptet omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom Forsvaret og sivilsamfunnet i samband med førebygging, beredskapsplanlegging, krisehandtering og konsekvenshandtering i heile krisespekteret frå fred via tryggingspolitisk krise til væpna konflikt. Totalforsvaret omfattar dermed militær og sivil kapasitet i stat og kommune, private kommersielle aktørar og private ideelle organisasjonar. Totalforsvaret må derfor vere solid i alle ledd – lita tue kan som kjent velte stort lass. Tryggleik er derfor viktig for alle ledd i kjeda. Digitale system har større og større plass i totalforsvaret. Dei strekkjer seg på kryss og tvers nasjonalt og internasjonalt. Internett bind oss alle saman. Det digitale risikobiletet har derfor mykje å seie for totalforsvaret, men også andre verdiar må ha rett tryggingsnivå for at totalforsvaret skal vere solid nok.

Ansvar til NSM som direktorat går på tvers av sektorar, og vi har grenseflater mot og samarbeid med ei rekkje ulike sektorstyresmakter og aktørar, mellom andre Politiets tryggingsteneste, Etterretningstenesta og Kripos, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) i samband med IKT-tryggleikstiltak på tvers av sektorar i statsforvaltinga, Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom), Finanstilsynet, Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Petroleumstilsynet og tryggingsforumet deira med medlemsorganisasjonar, Sentralt totalforsvarsforum (styresmakter) og Norsk Totalforsvarsforum (frivillige organisasjonar) med medlemsorganisasjonar, og internasjonale forum som er knytte til mellom anna EU og NATO. □

«NSM skal førebyggje, avdekkje og motverke tryggleikstrugande verksemd.»

Organisasjon og leiing

NSM held til på Kolsås i Bærum, med kontor i Sandvika og på Oslo Havnelager. Direktoratet er organisert med fire fagavdelingar, to fellesavdelingar og ein liten stab.

I 2020 hadde NSM denne leiargruppa:

KJETIL NILSEN

Direktør

Kjetil Nilsen har lang erfaring med trygging gjennom ulike leiarroller i PST og NSM og har leidd NSM sidan 2009. Han har òg operativ erfaring frå politiet og Forsvaret og har arbeidd som påtalejurist og advokat. Han er befals- og politiutdanna, jurist frå Universitetet i Oslo, har ein Master of Management frå BI og er utdanna ved NATO Defense College i Roma.

HELGE RAGER FURUSETH

Assisterande direktør

Helge Rager Furusetth har brei erfaring med utfordringar som er knytte til teknologi og tryggleik, mellom anna frå departement og EU-kommisjonen, i tillegg til ulike leiarroller i NSM. Han er utdanna sivilingeniør frå NTNU, forvaltingsinformatikar frå Universitetet i Oslo og Master in Public Management frå OsloMet.

ROY HUNSTOK

Avdelingsdirektør, sjef for styring og utvikling

Roy Hunstok har utdanning frå Forsvaret og er pensjonert brigader med omfattande erfaring frå ulike leiarjobbar nasjonalt og på strategisk nivå i NATO-systemet. Dei siste tre åra før han begynte i NSM, jobba han som coach i olje- og gassindustrien, med vekt på leiarutvikling, kommunikasjon og effektivitet.

MONA STRØM ARNØY

Avdelingsdirektør, sjef for kommunikasjon og administrasjon

Mona Strøm Arnøy er utdanna cand.mag., bedriftsøkonom, har Master of Management frå BI og sjefskurset på Forsvarets høgskole. Arnøy har vore kommunikasjonssjef/direktør i Gjensidige, Gjensidige NOR Sparebank, AstraZeneca og BankID Norge. I tillegg har ho erfaring frå BursonMarsteller.

BENTE HOFF

Avdelingsdirektør, sjef for Nasjonalt cybertryggleikssenter

Bente Hoff har omfattande erfaring med digitalisering og cybertryggleik i både privat og offentlig sektor. Ho er sivilingeniør frå NTH og har ein mastergrad i teknologileiing.

FRODE SKAARNES

Avdelingsdirektør, sjef for vern av grunnleggjande nasjonale funksjonar

Frode Skaarnes har utdanning frå Forsvaret. Han har brei erfaring frå forsvarssektoren, med bakgrunn frå mellom anna Nasjonalt tryggingorgan, Hæren, TRADOK og som spesialutsending for Forsvarsdepartementet.

JØRN ANDREAS ARNESEN

Avdelingsdirektør, mellombels sjef for kontrollavdelinga

Jørn Andreas Arnesen er utdanna ingeniør, økonom og internrevisor og har vidareutdanning frå Forsvarets høgskole. Han har omfattande erfaring frå stillingar i offentlig og privat sektor, mellom anna som tryggingrådgivar, revisjonsleiar og revisjonsdirektør. Han er mellombels tilsett som kontrolldirektør og til vanleg nestleiar i kontrollavdelinga.

HANS ROBERT BJØRNAAS

Oberst, sjef for forsvar mot avanserte digitale truslar

Oberst Hans Robert Bjørnaas har operativ bakgrunn frå Luftforsvaret og er utdanna ved Luftkrigsskolen, Forsvarets stabsskole og Forsvarets høgskole. Bjørnaas har lang erfaring frå ulike leiarstillingar i Forsvaret.

HÅKON BERGSJØ

Avdelingsdirektør, sjef for Felles cyberkoordineringssenter (FCKS)

Håkon Bergsjø har jobba i fleire tiår med trygging i Forsvaret og Nasjonalt tryggingorgan. Han har hatt fleire leiarstillingar innanfor trygging opp gjennom åra og har tidlegare leidd den nasjonale responsfunksjonen for alvorlege datainnbrot, NSM NorCERT.

VIGDIS GRØNHAUG

Avdelingsdirektør, prosjektansvarleg for nytt varslingsystem for digital infrastruktur (VDI)

Vigdis Grønhaug har utdanning frå Forsvaret, er høgskuleingeniør og økonom og har vidareutdanning frå Forsvarets høgskole. Grønhaug har omfattande erfaring frå Forsvaret i ulike stillingar innanfor tekniske fag og i prosjektstillingar.

Utvalde hovudtal 2020

Tabell 1 Hovudtal 2016–2020

Nøkkeltall fra årsregnskapet 2016–2020*	2020	2019	2018	2017	2016
Talet på årsverk	289	276	271	253	232
Talet på tilsette	319	289	289	293	249
Samlet tildeling post 01–99	358 969 000	313 238 000	302 782 000	289 431 000	266 391 000
Utnyttelsesgrad post 01–29	95,9 %	94,8 %	98,8 %	99,6 %	98,4 %
Driftsutgifter	363 596 876	396 672 757	358 017 017	322 790 157	291 558 158
Lønnsandel av driftsutgifter	66,8 %	59,1 %	66,2 %	66,2 %	57,0 %
Lønnsutgifter pr. årsverk	840 066	849 769	874 506	853 424	741 433


Fra 2020 går P2950 via belastningsfullmakt, og der er ikke tatt hensyn til fullmakter fra 2020. Tall er i daværende kroneverdier.

Tabell 2 Driftsutgifter 2019–2020

Utgifter	2020	2019
Nasjonalt tryggingsorgan – Post 01	363 596 876	396 684 705
Nasjonalt tryggingsorgan – Post 45	4 063 409	–
Forsvarsdepartementet (belastningsfullmakt) – Post 01	23 135 144	10 364 467
Forsvarsdepartementet (belastningsfullmakt) – Post 45	38 796 481	26 569 460
Nettoordning, statleg betalt merverdiavgift – Post 01	32 346 441	20 817 695
Totalt	461 938 351	454 436 327

Tabell 3 Lønnsdel av driftsutgifter 2019–2020

Lønn av drift %	2020	2019
Lønnskostnader	kr 242 778 983	kr 234 536 350
Andre driftskostnader	kr 120 817 893	kr 162 136 407
% lønn av drift	66,8 %	59,1 %



289

Antall årsverk har økt fra 232 i 2016, til 289 i 2020.



Aktivitetar og resultat

Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2020

Dette var måla for samfunnstryggleikskjeda frå Justis- og beredskapsdepartementet (JD) i 2020 ifølgje Prop. 1 S (2019–2020):

- ▷ Redusere sårbarheiter i samfunnet
- ▷ Kunnskapsbasert førebygging
- ▷ Styrkje samhandling i beredskap og krisehandtering
- ▷ Betre leiing og styrkt leiingskultur

Det primære ansvaret til NSM er å bidra til å tryggje norsk suverenitet, territorial integritet og demokratisk styreform og andre nasjonale tryggingssinteresser gjennom å førebyggje, avdekkje og motverke tryggleikstrugande verksemd. NSM har leveransar til alle måla i samfunnstryggleikskjeda til JD, men hovudbidraget frå NSM i 2020 blei knytt til hovudmål 1 – *Redusere sårbarheiter i samfunnet*.

Som bidrag til å realisere hovudmålet blei desse *delmåla* sette for verksemda til NSM i 2020:

- 1 Sektordepartement og verksemd er sette i stand til å etterleve krava i den nye tryggingsslova.
- 2 Rette skjermingsverdige informasjonssystem er identifiserte, og objekt og infrastruktur er peikte ut og klassifiserte.
- 3 Den nasjonale evna til å førebyggje, oppdage, analysere og handtere alvorlege digitale angrep er styrkt og vidareutvikla.
- 4 Personelltryggleiken er styrkt, og risikoen for innsidarar er redusert.
- 5 Forsvarssektoren får rettidig og relevant støtte frå NSM.

«Samla sett vurderer NSM resultatata i 2020 som tilfredsstillande.»

Særskilde utfordringar for NSM i 2020 var

- ▷ å følgje opp relevante tiltak i *Nasjonal strategi for digital sikkerhet*
- ▷ å bidra til å løfte kompetansenivået i verksemdar som er omfatta av tryggingsslova
- ▷ å sørge for at rette skjermingsverdige informasjonssystem blir identifiserte, og at objekt og infrastruktur blir peikte ut og klassifiserte i rimeleg tid
- ▷ å utvikle vernetiltak og tiltak som reduserer sårbarheiter, mot nye truslar
- ▷ å bruke ressursane effektivt gjennom mellom anna auka bruk av digitale løysingar

I tillegg, og som for andre verksemdar i landet, skulle covid-19-pandemien vise seg å utgjere ei særskild utfordring som sette preg på arbeidet til NSM i 2020.

Samla sett vurderer NSM resultatata i 2020 som tilfredsstillande:

Kurs og informasjonsverksemda har effekt. Sektordepartement og verksemdar er kompetansemessig sette i betre stand til å etterleve krava i den nye tryggingsslova. Risikobiletet er dynamisk, noko covid-19-pandemien har illustrert. Førebyggjande tryggleik og bøtande tiltak krev fersk kompetanse og kontinuerleg oppfølging.

Det står framleis att mykje arbeid i både departement og verksemdar før krava i tryggingsslova er etterlevde. Årsakene til slike manglar og utfordringar er samansette. Dei kan ha bakgrunn i eit for lågt kompetansenivå, men òg manglande prioritering frå leiarane i verksemdene og sektordepartementa.

Arbeidet med å identifisere rette skjermingsverdige informasjonssystem og objekt og rett infrastruktur er i gang. NSM har gitt omfattande støtte til dette arbeidet i sektordepartement og verksemdar, men måloppnåinga blir òg påverka av forhold utanfor NSM.

NSM vurderer at relevante tiltak i *Nasjonalt strategi for digital sikkerhet* er følgde opp på ein tilfredsstillande måte. Etaten ser likevel med uro på auken i avanserte digitale angrep i 2020. Trenden med skjerpa digital risiko er venta å halde fram.


Den auka vektlegginga av personelltryggleik frå NSM, lengre erfaring med nytt regelverk og tilgangen til grunnprinsipp og handbøker bidrog til å styrkje arbeidet med personelltryggleiken og redusere risikoen for innsidarar i 2020.


I 2020 hadde NSM kontinuerleg og god dialog med Forsvaret og andre relevante aktørar innanfor den delen av NSM-porteføljen som direkte støttar opp under den operative evna til forsvarssektoren. Støtta til forsvarssektoren frå NSM i 2020 blir vurdert som tilfredsstillande.

NSM arbeidde i 2020 med å effektivisere ressursbruken gjennom digitalisering. Etaten ventar mellom anna at digitaliseringa av klareringsprosessen vil gi gevinst.

Nedanfor følgjer nærmare omtale og vurdering frå NSM av resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2020 for kvart av dei fem delmåla. Korleis NSM har følgd opp dei særskilde utfordringane, er omtalt saman med delmåla. □

«NSM arbeidde i 2020 med å effektivisere ressursbruken gjennom digitalisering. Etaten ventar mellom anna at digitaliseringa av klareringsprosessen vil gi gevinst.»





DELMÅL 1

**Sektordepartement og verksemdar
er sette i stand til å etterleve krava
i den nye tryggingslova**

Tryggingslova stadfestar at sektordepartementa er ansvarlege for førebyggjande tryggingsarbeid innanfor ansvarsområda sine. NSM har det sektorovergripande ansvaret for at førebyggjande tryggingsarbeid blir utført i samsvar med lova, og skal sjå til at verksemdene oppfyller pliktene sine etter lova. NSM skal både føre tilsyn med og gi målretta informasjon, råd og rettleiing til departement og særleg trusselutsette verksemder som er av vesentleg verdi for nasjonale tryggingsinteresser.

«Det finst gjennomgåande manglar i tryggingsarbeidet i alle sektorar.»

Gjennomgang av tilsynsfunn¹, rapporten *Undersøkelse av sikkerhetstilstanden*² frå NSM og opne kjelder tyder på at det finst nokre gjennomgåande manglar i tryggingsarbeidet hos verksemder i alle sektorar. Det er òg foreløpig manglar ved måten departementa følger opp tryggingsarbeidet på i eigne

sektorar. NSM ser teikn til forbetringar innanfor enkelte område, men den faktiske progresjonen er uviss.

Mangelfull tryggleiksstyring, mangelfull oppfølging av tryggleikstrugande hendingar og forseinka gjennomføring av identifiserte tryggingstiltak inneber at verksemder kan bli utsette for risiko som dei sjølve kunne ha redusert. Årsakene til slike manglar og utfordringar er samansette.

Resultat

Kursverksemda i 2020 blei prega av covid-19-pandemien, og NSM utnytta tida til å satse på digitale kursformer og meir spissa kursverksemd til prioriterte grupper. NSM tilbyr no fleire frittståande e-læringskurs, inkludert *Risikovurdering*, *Tryggleiksstyring for mellomleiarar*, *Grunnkurs i førebyggjande tryggleik* og *Sikrare bruk av mobiltelefon*. NSM har vidare utvikla kurs retta spesifikt mot leiarnivået i verksemder for å setje dei i stand til å ta ansvaret og etterleve krav i tryggingslova. NSM har fått svært gode tilbakemeldingar på denne forma for kurs. 190 personar tok eitt eller fleire av e-læringskursa til NSM i 2020.

Det er ein differanse mellom gjennomførte og selde kurs. Årsaka til dette er at enkelte kurs berre lèt seg gjennomføre fysisk. Deltakarane vil få tilbod om fysiske kurs så snart det er smittevernmessig forsvarleg. ▶

1 Covid-19 forårsaka fleire endringar i tilsynsprogrammet i 2020, mellom anna fleire fjernrevisjonar og intervju over VTC-løysingar.

2 I 2020 blei undersøkinga av tryggleikstilstanden send ut til 230 verksemder. Utvalet omfatta respondentar frå 2019-undersøkinga og verksemder NSM har vurdert som interessante for trusselaktørar. NSM fekk rundt 150 svar (svarprosent på 65).

Vurdering og ressursbruk

Kurs- og rettleiingsaktiviteten har effekt. *Undersøkelse av sikkerhetstilstanden i 2020* viser at rettleiingsmaterialet til NSM i stor grad (86 prosent av respondentane) blir nytta av verksemdene, og at over 90 prosent av dei respondentane som nytta materialet, svarer at materialet har vore nyttig for tryggingsarbeidet deira. Ei brukarundersøking blant sju verksemdar som er viktige for nasjonal tryggleik, viser at dei vurderer at evna deira til å etterleve krava i tryggingslova er vesentleg betra etter éin-til-éin-rådgiving frå NSM. Det står samtidig att ein del arbeid i departementa og verksemdene før alle kan seiast å etterleve krava i tryggingslova, jf. omtalen under delmål 2.

I 2020 fekk NSM som særskild utfordring å bidra til å løfte kompetansenivået i verksemdar som er omfatta av tryggingslova. Vurderinga er at etaten bidrog til tryggingsevna til sektordepartementa og verksemdene gjennom å tilpasse kursporteføljen til behova til målgruppa, supplert med målretta råd og rettleiing éin til éin. NSM har òg etablert rapporten *Kontroll av nasjonal sikkerhet*, som gir eit strukturert og objektivt informasjons- og avgjerdsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget bidreg til at etaten kan målrette tiltak og ressursbruk endå betre.

Utfordringar og risikoar

I åra framover vil det bli stilt større krav til den tryggingsfaglege kompetansen hos styresmakter og verksemdar som er underlagde tryggingslova. Arbeidet med førebyggjande tryggleik krev fersk kompetanse og ei dynamisk tilnærming til risikovurderingar og tiltak hos verksemdar og styresmakter. Det vil vere sentralt at styresmaktene og verksemdene forstår kontekst, samanheng og endring i trussel- og sårbarheitsbiletet for å kunne lykkast med godt førebyggjande tryggingsarbeid over tid.



FAKTA

Kurs og deltakarar i 2020

Deltakarar

Klasseromskurs

Grunnkurs i førebyggjande tryggleik	47
Autorisasjonskurs	27
Skadevurdering	12
Tryggleiksstyring for mellomleiarar	19
Risikovurdering	26
Grunnkurs i førebyggjande tryggleik	47

Webinar

Grunnkurs i førebyggjande tryggleik	19
Autorisasjonskurs	42
Innside	14

E-læringskurs

Grunnkurs i førebyggjande tryggleik	45
Risikovurdering	124
Tryggleiksstyring for leiarar	37
Graderte møterom	0

Deltakarar som gjennomførte i 2020

459

Selde kurs i 2020

496





DELMÅL 2

Rette skjermingsverdige informasjonssystemer er identifiserte, og objekt og infrastruktur er peikte ut og klassifiserte

Tryggingslova stadfestar ein tryggingsfagleg systematikk som knyter saman nasjonale tryggleiksinteresser, grunnleggjande nasjonale funksjonar og dei skjermingsverdige verdiane som støttar opp under dei. Systematikken krev at verksemdene som rår over desse verdiane, blir identifiserte, saman med dei viktigaste avhengnadene mellom dei. Dette krev oversikt over mange aktørar i dei fleste samfunnssektorar, skjermingsverdige verdiar på ulike graderingsnivå og tryggleikstrugande hendingar som påverkar eller kan påverke dei. NSM har koordinerande oppgåver for å støtte departementa på området. Det skal sikre at prosessen blir gjennomført på ein einsarta måte på tvers av sektorar, og at dei rette verdiane blir identifiserte og klassifiserte innan rimeleg tid.

Resultat

I 2020 støtta NSM departementa i arbeidet med å identifisere grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF). NSM hadde møte med alle departementa og gav råd og rettleiing til departement som hadde behov for det. Vidare utarbeidde etaten faglege presiseringar som letta arbeidet for departementa.



FAKTA

Grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF)

Tenester, produksjon og andre former for verksemd som er av ei slik betydning at eit heilt eller delvis bortfall av funksjonen vil få konsekvensar for statens evne til å ivareta nasjonale tryggingsinteresser.

For å sikre likskap i prosessen på tvers av departementa gav NSM i 2020 ut ein ny overordna plan for prosessen med GNF, koordinert med JD. Første fase har som mål å identifisere GNF i sektorane. I første fase inngår òg arbeidet

med å kvalitetssikre allereie identifiserte skjermingsverdige objekt og infrastruktur og å identifisere avhengnader i eigen sektor.

Dei fleste sektorar har no identifisert GNF i sine sektorar, og NSM har oversikt over innmelde GNF. Vi ser i dialogane at rettleiingsmaterialet frå NSM og det faglege grunnlaget blir nytta i prosessen med å definere GNF.

Det er gjort eit stort arbeid i departementa med å identifisere grunnleggjande nasjonale funksjonar, men arbeidet er ikkje fullført. Det er viktig at arbeidet med å identifisere GNF og kartleggje avhengnader får nok prioritet i tida framover, slik at verdiar som er viktige for nasjonale tryggingsinteresser, kan sikrast.

Vurdering og ressursbruk

Det faglege materialet og prosessane i departementa er framleis i ein tidleg, første fase. Bidraget frå NSM til at prosessen blir gjennomført på ein einsarta måte på tvers av sektorane innan rimeleg tid, blir vurdert som tilfredsstillande. Arbeidet som står att, fase to, vil bli lagt opp til å identifisere GNF som går på tvers av sektorar. NSM forventar at departementa vil vere ferdige med dette arbeidet ved utgangen av 2021.

Utfordringar og risikoar

Fram til tryggingslova er fullt ut innført og operasjonalisert, er føresetnadene for å oppnå forsvarleg tryggingsnivå mangelfulle. Eit heilt sentralt tiltak for å motverke samansette truslar og sørgje for heilskapleg sikring av skjermingsverdige verdiar er at departementa fører vidare arbeidet med den nasjonale verdikartlegginga. Verksemdar av avgjerande verdi for dei grunnleggjande nasjonale funksjonane må identifiserast og underleggjast tryggingslova. □



DELMÅL 3

Den nasjonale evna til å førebyggje, oppdage, analysere og handtere alvorlege digitale angrep er styrkt og vidareutvikla

Verdikjedene i samfunnet er i aukande grad baserte på samankoplingar mellom informasjonssystem. Slike digitale verdikjeder introduserer nye sårbarheiter som samfunnet må handtere. *Nasjonal strategi for digital sikkerhet* frå regjeringa (2019) set fram ei rekkje tiltak som ulike styresmakter har ansvar for. Som nasjonal responsfunksjon ved digitale angrep har NSM ansvar for ein del sentrale tiltak i strategien. Tiltaka er av både teknisk, kompetansemessig og organisatorisk art. Dei strekkjer seg frå å utvikle tryggingstiltak som gjer målgruppene i stand til sjølve å etablere forsvarleg tryggningsnivå, til å avdekkje og analysere alvorlege digitale angrep. Ei av dei særlege utfordringane til NSM for 2020 var å følgje opp relevante tiltak i strategien.

I 2020 auka talet på alvorlege hendingar med stor kompleksitet sterkt. I *Undersøkelse av sikkerhetstilstanden* frå NSM for 2020 svarte 57 prosent av respondentane at digitale angrep er ein av dei tre største truslane mot verksemda deira. Samarbeidspartnarane til NSM både

nasjonalt og internasjonalt rapporterer om aukande trussel i det digitale rommet. Utviklinga går i retning av stadig fleire og meir avanserte og alvorlege digitale angrep, både når det gjeld omfang, kompleksitet og kva verksemdar som er påverka. Tendensen er svært tydeleg over tid, også internasjonalt. Vi må vente at auken i 2020 held fram.

Den primære samhandlingsarenaen til NSM når det gjeld hendingshandtering, er Nasjonalt cybertryggleikssenter (NCSC) og Felles cyberkoordineringssenter (FCKS). Samarbeidet i NCSC er godt, og det er aukande interaksjon mellom VDI-medlemmer og partnarar. Det faglege innhaldet i partnarsamarbeidet og utvekslinga av relevant informasjon mellom aktørane i senteret er i kontinuerleg utvikling.

Resultat

I 2020 produserte NSM rådgivande materiell i form av prinsipp, funksjonelle krav og rettleiingar, tiltak og handbøker. Vi kan særleg trekkje fram etableringa av nasjonalt målbilete, prinsipp for felles digital grunnmur og *Grunnprinsipper for IKT-sikkerhet 2.0*.

NSM var raskt ute med ein eigen risikorapport med moglege tryggningsfaglege konsekvensar av covid-19-pandemien og tilrådde tiltak. Rapporten kastar lys over tema som er knytte til digital tryggleik ved auka bruk av heimekontor. Risikorapporten blei godt motteken, og det er stor etterspurnad etter vurderingane og tiltaka i rapporten.

VDI-dekning

Varslingssystemet for digital infrastruktur (VDI) blei utvida med fleire verksemdar i 2020, mellom anna som følgje av sårbarheiter i helsesektoren og kommunar grunna covid-19-pandemien. Dette gav oss større informasjonstilgang og dermed betre høve til å avdekkje alvorlege digitale angrep mot verksemdar som er viktige for den nasjonale tryggleiken. ▶



FAKTA

Digitale angrep

I *Undersøkelse av sikkerhetstilstanden* frå NSM for 2020 svarte 57 prosent av respondentane at digitale angrep er ein av dei tre største truslane mot verksemda deira.



«Talet på saker med komplekse og alvorlege digitale angrep auka kraftig i 2020 samanlikna med 2019.»

Tilbakemeldingar frå partnerar ved NCSC, sektorvise responsmiljø og VDI-medlemmer tyder på at stadig fleire tek i bruk grunnprinsippa for IKT-tryggleik. *Undersøkelse av sikkerhetstilstanden* frå NSM viser at av dei verksemdene som opplyser at dei har skjermingsverdig informasjon, svarer 90 prosent at dei følgjer *Grunnprinsipper for IKT-sikkerhet* frå NSM. Dette er oppmuntrande resultat, men dei må tolkast med varsemd på grunn av få respondentar totalt.

NCSC

Også i NCSC har covid-19-pandemien ført til utstrekt bruk av videokonferansar. Den digitale interaksjonen har fungert tilfredsstillande; det har vore godt oppmøte og stort engasjement rundt digitale briefar og temaforedrag. I november var nærmare 300 deltakarar innom NCSC-forum – eit digitalt halvdagsarrangement retta mot personar som jobbar med cybertryggleik.

FCKS

NSM har fått gode tilbakemeldingar på tverrfaglege aktivitetar i FCKS. Samarbeidet der fungerer godt. I 2020 oppretta NCSC fleire spesialinteressegrupper (SIG). Vi forventar at gruppene vil føre til endå betre samordna hendingshandtering og auka tryggleik i 5G-teknologi.

I 2020 var det ei jamleg utveksling av analyseinformasjon mellom partnerane i FCKS. Mange av dei alvorlege hendingane blei òg avdekte basert på informasjon frå partnerar i FCKS.

Vurdering og ressursbruk

NSM vurderer det slik at relevante tiltak i *Nasjonal strategi for digital sikkerhet* er følgde opp på ein tilfredsstillande måte. Staten ser likevel med uro på det skjerpa digitale risikobiletet.

Utfordringar og risikoar

Talet på saker med komplekse og alvorlege digitale angrep auka kraftig i 2020 samanlikna med 2019. Her må ein rekne med vidare auke. Utviklinga tilseier at verksemdar i større grad enn tidlegare må leggje til grunn at dei kan vere av interesse for trusselaktørar. Det er avgjerande at verksemdene i endå større grad sikrar seg sjølve mot slike angrep ved å sørgje for forsvarleg tryggleiksnivå. I tillegg er det avgjerande med eit velfungerande nasjonalt responsmiljø som kan handtere dei mest avanserte og alvorlege angrepa. □





DELMÅL 4

**Personelltryggleiken er styrkt, og risikoen
for innsidarar er redusert**

NSM er fagstyresmakt på personelltryggleiksområdet og gir råd og rettleiing til og arrangerer kurs for klareringsstyresmakter (KM), autorisasjonsansvarlege og andre prioriterte aktørar.

NSM har tett dialog med leiarane i dei største klareringsstyresmaktene for å sikre erfaringsutveksling og innspel til ulike prosessar. For å støtte klareringsstyresmaktene og sørge for effektiv saksbehandling vidareutviklar NSM saksbehandlingsverktøyet og kjeldeinnhentinga.


Resultat

Undersøkelse om sikkerhetstilstanden frå NSM viser at nærmare 90 prosent av respondentane har tryggleiksklarert personell. Av desse vurderer NSM at om lag 60 prosent er svært medvitne om innsideproblematikk.

FAKTA

Innsideproblematikk

En insider er ein nåværande eller tidligere ansatt, konsulent eller kontraktør med tilgang til verksemda sine systemer, prosedyrer, objekter og informasjon, som misbruker kunnskapen og tilgangen for å utføre handlingar som påfører verksemda skade eller tap.



Tryggleiksklarert personell: 90 %

Tryggleiksklarert personell medvitne om innsideproblematikk: 60 %

I 2020 bidrog NSM til styrkt personelltryggleik og auka likebehandling ved å utvikle og publisere *Grunnprinsipper for personellsikkerhet* og orienteringar i likebehandlings- og fagforum. I tillegg utvikla og publiserte NSM landvurderingar til hjelp i klareringsprosessen. Landvurderingane er publiserte på den elektroniske KM-portalen. NSM inkluderte òg fleire verksemdar med tilgang til nasjonalt register på *nasjonalt avgrensa nett* (NBN).

Vurdering og ressursbruk

Den auka vektlegginga av personelltryggleik frå NSM, lengre erfaring med nytt regelverk og tilgang til grunnprinsipper og handbøker bidrog truleg til styrkt personelltryggleik og redusert risiko for innsidarar. *Undersøkelse av sikkerhetstilstanden* frå NSM tilseier at det er behov for å halde fram med målretta informasjon, råd og rettleiing om personelltryggleik og risiko for innsidarar.

NSM er godt i gang med prosjekt for digitalisering av personellklaringsprosessen (DPK). Samarbeidet med Altinn og Digitaliseringsdirektoratet er godt. I 2021 skal NSM ta i bruk digitale tenester for klareringsprosessen i eit prøveprosjekt med Avinor, Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa, Hans Majestet Kongens Garde og klareringsstyresmaktene.

Utfordringar og risikoar

DPK har identifisert noko risiko knytt til den plattformtenestene blir utvikla på i Altinn. Det blir gjort båtande tiltak. □



DELMÅL 5

Forsvarssektoren får rettidig og relevant støtte frå NSM

Forsvarssektoren har spesielle behov for å ta hand om tryggleiken gjennom heile krisespennet. NSM skal støtte forsvarssektoren med funksjonar innanfor godkjenning, kontroll og råd og rettleiing, og dessutan responsfunksjon for digitale hendingar. Vidare har NSM hand om operative roller i nasjonalt beredskapsplanverk. NSM fyller òg roller som Noreg har i NATO, mellom anna for å sikre informasjon. Forsvarssektoren har spesielle behov for å ta hand om tryggleiken gjennom heile krisespennet.

NSM har definert fem kjerneoppgåver for å støtte den operative evna til Forsvaret. Dette er

- 1 operative oppgåver
- 2 handtering av hendingar i det digitale rommet
- 3 kryptotryggleikstenester
- 4 oppdrag og oppgåver som er knytte til personkontroll
- 5 tryggleiksgodkjenning av informasjonssystem.

Resultat

NSM har bidrege med støtte til Forsvarsdepartementet i arbeidet deira med GNF, støtta Forsvarsmateriell (FMA) med å utvikle nytt system for å drive verksemds- og tryggleiksstyring, delteke i utviklinga av digitalt opplæringsprogram for leiarnivå i FMA og delteke i ulike prosjekt.

Gjennom 2020 og særleg under handteringa av covid-19-pandemien har NSM hatt kontinuerleg og god dialog med Forsvaret og andre innanfor den delen av porteføljen til NSM som gir direkte støtte til den operative evna til forsvarssektoren. Dette gjeld mellom anna tiltaksutvikling, risikovurderingar, tryggleiksgodkjenning av informasjonssystem, tekniske tryggleiksundersøkingar, kryptodistribusjon, inntrengingstesting, hendingshandtering og deltaking på øvinga Polaris Gram 2020 og øvinga Digital 2020. NSM har mellom anna bidrege til å sikre utvalde basar og operative skarpe miljø i Forsvaret gjennom heilskaplege inntrengingstestar.

Vurdering og ressursbruk

Støtta til forsvarssektoren frå NSM blir vurdert som tilfredsstillande.

Utfordringar og risikoar

Som følge av moderniseringa av Forsvaret og den teknologiske utviklinga generelt vil det i åra som kjem, vere behov for å utvikle ny kapasitet og ny teknologi i NSM. □



Styring og kontroll i verksemda

OPENING JULY 2019

Overordna vurdering av opplegget for styring og kontroll

Verksemds- og tryggleiksstyring

Internrevisjonen (IR) i NSM har i arbeidet sitt i 2020 ikkje identifisert uakseptabel risiko som ikkje er blitt handtert av NSM.

IR har vurdert modenskapen til NSM for kvart av dei 31 elementa i modenskapsmodellen til forsvarssektoren. Vurderinga er basert på observasjonar frå IR og gjennomførte revisjonar. Samla sett blir modenskapen vurdert som tilfredsstillande (*formalisert* i samsvar med modellen).

Styringsmodellen til NSM illustrerer verksemdsstyringa som ein gjentakande syklus med fleire fasar rundt dei strategiske og operative styringsdokumenta og resultatkjeda i NSM. NSM IR meiner at styringssystemet er godt etablert på overordna nivå, og at ein legg vekt på kontinuerleg erfaringsbasert utvikling.

NSM har etablert rutinar for korleis leiinga skal gå gjennom det førebyggjande tryggingsarbeidet til verksemda. Gjennomgangen er gjennomført i 2020.

NSM har rutinar for å handtere hendingar og avvik internt i NSM. Rutinane omfattar

- ▷ avvik som er knytte til tryggleiksbrot
- ▷ avvik som er knytte til helse, miljø og sikkerheit
- ▷ andre avvik ved internkontrollar

I tillegg kan avvik og eventuelle varslingar om kritikkverdige forhold fangast opp hos linjeleiarar, hovudverneombod, tillitsvalde o.a. Systemet fungerer slik det er tenkt.

«Internrevisjonen har ikkje identifisert uakseptabel risiko som ikkje er blitt handtert av NSM.»


Oppfølging av revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen

Revisjonsmeldinga frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret 2019 (Dokument 1 [2020–2021]) blei publisert 3. november 2020. NSM fekk ingen merknader.

Oppfølging av tilsynsrapportar og pålegg frå tilsynsstyresmakter

EOS-utvalet gjennomfører årlege inspeksjonar i NSM. I inspeksjonane kontrollerer dei særleg korleis NSM behandlar saker der klarering er nekta, nedsett eller suspendert av klareringsstyresmakta, og korleis NSM behandlar klager over slike saker.

Av årsrapporten til utvalet frå 2018 kjem fleire kritikkverdige forhold fram som NSM som fagstyresmakt har eit overordna ansvar for. NSM erkjenner at det finst ein urimeleg og ikkje fagleg grunnlagt variasjon i både saksbehandlinga og avgjerda i sakene utvalet viste til. Det er derfor utvikla eit elektronisk konsept for klareringsstyresmaktene som mellom anna omfattar handbok i vurdering av klareringssaker og eit erfaringsarkiv som er under utarbeiding.



«Vi ønskjer å få gjennom bodskapen om at NSM er ein arbeidsgivar som verdset mangfald»

Arbeid med inkluderingsdugnaden og andre personellrelaterte forhold

Tilsetjingar i 2020

Tilsetjingar totalt	66
Nytilsetjingar i målgruppa	4
Andel nytilsette med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en	6 %

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) har i 2020 rekruttert 66 personar, og 4 av dei er personar vi veit sikkert at er i målgruppa. I søknadssystemet vårt er det mogleg å krysse av for mellom anna høl i CV-en og nedsett funksjonsevne. For å vite at vi når resultatmålet på 5 prosent, er vi avhengige av at dei som er i denne målgruppa, kryssar av for dette. Vi opplever at mange ikkje ønskjer det, og at til dømes høl i CV-en blir kamuflerte. Vi ser at vi derfor gjennom vanlege rekrutteringsprosessar tilset fleire som har nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en, enn det som blir rapportert i søkjesystemet. NSM er ein organisasjon som kvart år gjennomfører mange rekrutteringsprosessar (60–80 i året). Dersom søkjarane ikkje sjølve kryssar av i søkjesystemet, er det vanskeleg å fange opp om ein nytilsett er i målgruppa for inkluderingsdugnaden. NSM held òg fram med å vere tydeleg i utlysingstekstar om at vi jobbar for å nå resultatmålet i staten om 5 prosent nytilsette med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en. Vi ønskjer å få gjennom bodskapen om at NSM er ein arbeidsgivar som verdset mangfald. Dette kan på sikt auke prosentdelen som vel å krysse av for høl i CV-en eller nedsett funksjonsevne i søkjesystemet.

Likestillingsarbeid

Ved utgangen av 2020 hadde NSM i overkant av 30 prosent kvinner. Kvinneandelen på toppleiarnivå var på 30 prosent, og totalt var andelen kvinnelege leiarar 23 prosent. NSM har fleire teknologisk retta avdelingar der majoriteten av søkjarmassen til ledige stillingar ofte er menn. Det blei likevel rekruttert fleire kvinner til tekniske stillingar i 2020. I avdelingar med fleire ulike kompetanseområde er rekrutteringsgrunnlaget jamnare fordelt. NSM arbeider aktivt for å rekruttere kvinner til alle delar av organisasjonen. Dette gjer vi ved å vere til stades på ei rekkje utdanningsinstitusjonar for å profilere NSM som ein attraktiv arbeidsplass for begge kjønn. Samtidig oppmodar vi kvinner om å søkje i stillingsannonsane våre.

Sjuefråvær

Det totale sjukefråværet i 2020 var på 4,19 prosent, fordelt på 1,17 prosent eigenmeldt og 3,01 prosent legemeldt fråvær.

Sentrale fakta om forvaltninga av innkjøpsrutinane i verksemda

NSM kjøper frå januar 2020 lønns- og rekneskapstenester frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) og nyttar systema deira. På innkjøpssida har NSM samarbeid med etatane i forsvarssektoren og deltek i ei rekkje rammeavtalar saman med desse verksemdene.



66
Tilsetjingar totalt

6 %
Andel nytilsette med
nedsett funksjonsevne
eller høl i CV-en



30 %
Andel kvinner

30 %
Andel kvinnelege leiarar



4,19 %
Sjukefråvær

1,17 %
Eigenmeldt fråvær

3,01 %
Legemeldt fråvær





Vurdering av framtidutsikter

Risikobiletet stiller krav til det nasjonale tryggingsarbeidet

EOS-tenestene erfarer eit jamt etterretnings-trykk mot Noreg frå både statlege og ikkje-statlege trusselaktørar. Dette og anna tryggleikstrugande verksemd mot Noreg vil halde fram, og aktørane vil bruke eksisterande og nye verkemiddel for å nå måla sine. I det siste har digitale truslar rettmessig fått mykje merksemd, men tradisjonelle verkemiddel er vel så aktuelle. Det er derfor svært viktig at medvitet og kompetansen rundt personelltryggleik, fysisk tryggleik, informasjonstryggleik o.a. blir vidareutvikla.

Det er NSM si vurdering at dette er dei viktigaste utfordringane i risikobiletet:

- ▷ Det digitale risikobiletet er skjerp.
- ▷ Pandemien har gitt auka risiko.
- ▷ Samansette truslar gjer oss sårbare.

Det digitale risikobiletet blir vurdert som skjerp. Den raske teknologiske utviklinga gir stor samfunnsnytte i form av velferd, tryggleik og verdiskaping. Samtidig er det svært krevjande å følgje opp tryggingsarbeidet i same takt. Som resultat oppstår det nye sårbarheiter. Dataangrepet mot Stortinget hausten 2020 er éi av fleire alvorlege hendingar den siste tida



som illustrerer kapasiteten og viljen til å ramme norske verksemdar – sjølv dei mest sentrale institusjonane våre. Hendingane som NSM handterer, viser framleis at tiltaka i grunnprinsippa for IKT-tryggleik vernar mot dei aller fleste digitale angrep.

Pandemien har gitt auka risiko. Det er mellom anna auka press mot enkelte sektorar og samfunnsfunksjonar, som helsesektoren, nye sårbarheiter som følge av heimekontor og endra arbeidsmønster, auka risiko for uønskta strategiske investeringar og omfattande global påverknad og desinformasjon.

Samansette truslar – ofte omtalte som hybride truslar – rammar på tvers av sektorar og nivå. Tryggingslova blei modernisert for to år sidan, og verkeområdet til lova blei utvida mellom anna for å demme opp for slike truslar.

Utviklinga i trussel- og sårbarheitsbiletet skjer raskt. Covid-19-pandemien viser oss kor raskt nye sårbarheiter kan oppstå. Stormakt-rivalisering og tryggingspolitiske endringar kan òg raskt føre til endringar i trussel- og sårbarheitsbiletet.

Verksemdar må derfor i større grad enn tidlegare leggje til grunn at dei kan vere av interesse for trusselaktørar.

Dei auka avhengnadene av kritisk infrastruktur som kraft, e-kom, rombaserte tenester o.a. har gjort samfunnet samla sett meir sårbart overfor

brot i tenesteleveransane frå dei. Når det gjeld tryggleik og sårbarheiter, kan ein ikkje lenger sjå kvar verksemd for seg. Ein må forstå rolla til verksemda i ein større kontekst.

I eit digitalisert samfunn, der svært mykje informasjon er ope tilgjengeleg, og der også økonomien er open, er det utfordrande å skulle forstå dei enkelte situasjonane godt nok til å kunne avdekkje uønskt aktivitet frå trusselaktørar til rett tid. Uønskt aktivitet ligg i spennet frå uønskt tryggingspolitisk aktivitet til oppkjøp av verksemdar for til dømes å få tilgang til sensitiv teknologi.

Samansett verkemiddelbruk, inkludert påverkingskampanjar, gjer at Noreg må ha gode system for å fange opp unormal aktivitet og sjå hendingar i samanheng. Proaktiv hjelp med risikoar er viktig for raskt og sikkert å kunne innføre nye løysingar i eit digitalisert Noreg.

Samfunnssikkerhet i en usikker verden (Meld. St. 5 [2020–2021]) peiker på eit breitt samansett trusselbiletet som i aukande grad treffer på tvers av sektorar. Utviklinga stiller høge krav til den sivile og militære beredskapen i Noreg og til situasjonsforståinga, handteringsevna og motstandskrafta vår. Behovet for førebygging blir understreka og gir tydelege føringar for NSM.

NSM har tilgang til mykje informasjon – til dømes oversikt over skjermingsverdige informasjonssystem, objekt og infrastruktur >

«Når det gjeld tryggleik og sårbarheiter, kan ein ikkje lenger sjå kvar verksemd for seg. Ein må forstå rolla til verksemda i ein større kontekst.»

og gjennom klarering av personell, leverandørklarering, mottak av varsel om tryggleiks- trugande verksemd, rolla som nasjonal responsfunksjon for alvorlege digitale hendingar o.a. Informasjonen kan danne grunnlaget for ei god, styrkt og heilskapleg situasjonsforståing i møte med samansette truslar. Dette vil vere viktig som del av eit avgjerdsgrunnlag for både justis- og forsvarssektoren.

Det digitale situasjonsbiletet blir brukt som verktøy for å setje i verk effektive mottiltak ved alvorlege cyberangrep og etterretningsforsøk frå andre land. I åra som kjem, vil større materiellinvesteringar på området bli overførte til drift i linje i NSM. Større mengder data og oppdaging av fleire hendingar gir betre grunnlag for situasjonsforståing og reduksjon av risiko. Det blir avgjerande for å tryggje nasjonale digitale verdikjeder at NSM kan utnytte informasjonstilfanget best mogleg.

Perspektivmeldinga (Meld. St. 14 [2020–2021]) har tidshorisont fram mot 2030. Regjeringa vil i dette tidsrommet satse på ein meir innovativ, effektiv og påliteleg offentleg sektor gjennom auka digitalisering og betre vurderingar av lønnsmda i offentlege tiltak.


Ei auka digitalisering i offentleg sektor vil gi større og endra behov for tryggingstiltak i sektoren, hos samarbeidande leverandørar og andre. Den raske utviklinga av ny teknologi gir ei spesiell utfordring. Døme på slik teknologi er kunstig intelligens (KI), 5G og skytenester. Trusselaktørar nyttar stadig meir sofistikerte angrepsmetodar og meir avansert kryptering. Det er derfor avgjerande at forsvaret mot desse truslane blir endå eit hakk meir raffinert.


Ei sentral utfordring for NSM i åra som kjem, er evna til å vidareutvikle det digitale situasjonsbiletet. Det blir framleis svært viktig at relevante styresmakter har nok innsikt og kompetanse til å forstå ny teknologi og korleis dette påverkar nasjonal tryggleik.

I åra framover vil det bli stilt større krav til kompetanse hos styresmakter og verksemdar som er underlagde tryggingslova, for at dei skal kunne gjere gode risikovurderingar med tilhøyrande identifikasjon av relevante tryggingstiltak. Kursverksemda til NSM og anna informasjonsverksemd gjennom til dømes podkastar og aviskronikkar, nettsider og e-læringskurs skal vidareutviklast slik at det blir lagt til rette for ei brei kompetansedeling. NSM vil òg arbeide for å utnytte kompetansen og rådgivingskapasiteten i næringslivet meir aktivt, slik at dette kan bli del av ein større kompetanseressurs som verksemdar kan gjere seg nytte av. På styresmaktssida vil NSM føre vidare arbeidet med å utvikle tiltak og tilrådingar som kan leggjast til grunn for det nasjonale tryggingsarbeidet. Verksemdene vil òg kunne dra nytte av dette.

Fram til tryggingslova er fullt ut innført og operasjonalisert, er føresetnadene for å oppnå forsvarleg tryggingsnivå mangelfulle.

Eit heilt sentralt tiltak for å motverke samansette truslar og sørgje for heilskapleg sikring av skjermingsverdige verdiar er at departementa held fram med å implementere tryggingslova med kraft og styrke. Derfor er det viktig at arbeidet med å identifisere dei grunnleggjande nasjonale funksjonane og kartleggje avhengnader får nok prioritet, slik at verdiar med verdi for nasjonale tryggingsinteresser kan sikrast. □





Årsrekneskap

Formål

Nasjonalt tryggingorgan (NSM) er ei tverrsektoriell fag- og tilsynsstyresmakt innanfor den førebyggjande tryggingstenesta i Noreg.

Direktoratet er nasjonal varslings- og koordineringsinstans for alvorlege dataangrep og andre hendingar innanfor IKT-tryggleik. Det administrative ansvaret for direktoratet blei i 2019 flytta frå Forsvarsdepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet. Direktoratet er etter dette administrativt underlagt Justis- og beredskapsdepartementet og rapporterer med fagleg ansvarslinje til Forsvarsdepartementet for militær sektor og til Justis- og beredskapsdepartementet for oppgåveløysing i sivil sektor. NSM held til på Kolsås i Bærum, med kontor i Sandvika og i Oslo.

NSM er eit ordinært statleg forvaltingsorgan som fører rekneskap ut frå kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten frå direktoratet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med *bestemmelser om økonomistyring i staten*, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav i økonomiinstruks for justissektoren. Eg meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar og rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigdeklar og gjeld for direktoratet.

Vurderingar av vesentlege forhold


I 2020 har NSM samla disponert tildelingar på utgiftssida på 372 784 000 kroner, jf. løyvingrapporteringa og note A. Utgiftene ligg på kapittel 457 post 01. Driftsutgiftene på kapittel 457 viser mindreutgifter på 9 187 124 kroner, og etter justering for meirinntekter og omdisponeringar har direktoratet ei samla mindreutgift på 13 896 047 kroner, som vi søker om å få overført til neste år, på kapittel 457 post 01 i samsvar med utrekningar i note B.

NSM har samla disponert tildelingar til investeringar på kapittel 457 post 45 på 20 000 000 kroner, jf. løyvingrapporteringa og note A. Investeringsutgifta på kapittel 457 viser mindreutgifter på 15 936 591 kroner, som vi søker om å få overført til neste år, på kapittel 457 post 45 i samsvar med utrekningar i note B.


Artskontorrapporteringa viser at utbetalingar til lønn og sosiale utgifter kom på 266 122 201 kroner, mot 244 964 041 kroner i 2019. I tillegg til vanleg lønnsvekst har endringa frå 2019 bakgrunn i auka bemanning i direktoratet. Sjå elles note 2.

Andre utbetalingar til drift utgjer 163 448 233 kroner, mot 188 652 645 kroner i 2019. Reduksjonen skriv seg i hovudsak frå postane husleige og andre utgifter til drift av eigedom og lokale og kjem av at NSM i 2019 hadde store utgifter til etablering av Nasjonalt cybertryggleikssenter (NCSC) i Oslo. I 2020 ►

Utgifter
Kroner



Utbetalinger til drift
Kroner



har NSM i tillegg effektivisert husleigemodellen, noko som har gitt ein ytterlegare reduksjon i husleige.

Inntekter utgjer 38 105 498 kroner, mot 99 800 870 kroner i 2019. Inntektene gjeld kurs- og konferanseavgifter, brukarbetaling frå NorCERT-medlemmer og partnarar, refusjonar frå andre verksemder og anna brukarbetaling for tenester som NSM leverer. Endringa frå 2019 kan i hovudsak forklarast av at NSM i 2019 fekk ein del investeringar som var knytte til etableringa av NCSC, refundert frå andre verksemder, og at NSM i 2019 gjennom refusjon frå Forsvarsdepartementet fekk dekt prosjektutgifter som blei førte i driftsrekneskapan til NSM. I 2020 har NSM fått belastingsfullmakter frå Forsvarsdepartementet for å dekkje prosjektutgifter.

Mellomværet med statskassen utgjorde 11 747 285 kroner per 31. desember 2020. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva egedelar og gjeld som inngår i mellomværet. I tillegg til det rapporterte mellomværet har direktoratet kundefordringar på 54 000 kroner. Dette er fakturaer som er sende ut i 2020, men som ikkje er betalte, og som derfor ikkje kjem fram som inntekt i årsrekneskapan. Sjå elles opplysningar om avrekning med statskassen i note 5.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapan for NSM. Årsrekneskapan er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil truleg vere klar i løpet av andre kvartal 2021. Meldinga vil bli publisert på nettsidene til direktoratet.

Kolsås, 5. mars 2020

Kjetil Nilsen
direktør

FAKTA

38 105 498

Inntekter utgjer 38 105 498 kroner, mot 99 800 870 kroner i 2019.



Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapar for statlege verksemdar er utarbeidde og leverte etter nærmare bestemte retningslinjer som er fastsette i *bestemmelser om økonomistyring i staten* («føresegnene»), fastsette 12. desember 2003 med endringar seinast 5. november 2015. Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærmare føresegner i rundskriv R115 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av eige departement. Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskonto-rapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassen.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa står i samsvar med krav i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemdar er knytte til den statlege konsernkontoordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i punkt 3.7.1 i føresegnene. Ordinære forvaltingsorgan (bruttobudsjetterte verksemdar) blir ikkje tilførte likviditet gjennom året. Saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto blir nullstilt ved overgangen til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstala som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigarar og skyldnader verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel og post.

Mottekne fullmakter til å belaste kombinasjonen av kapittel/post hos ei anna verksemd (belastingsfullmakter) blir ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne løyvingsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen for rekneskap.

Artskontorapporteringa

Artskontorapporteringa viser rekneskapstala verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og kjem derfor ikkje fram som inntekt i oppstillinga.

Note 5 til artskontorapporteringa viser forskjellar mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen. □

Oppstilling av løyingsrapportering 31.12.2020

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2020	Meirutgift (-) og mindreutgift
0457	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A, B	372 784 000	363 596 876	9 187 124
0457	MSN DKP / Digitalisering	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold	A, B	20 000 000	4 063 409	15 936 591
1760	FoU (Forsvarsdepartementet, driftsutgifter)	01	Driftsutgifter	B		23 135 144	
1760	FoU (Forsvarsdepartementet, større utstyrsinnkjøp)	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold	B		38 796 481	
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter			32 346 441	
<i>Sum utgiftsført</i>					392 784 000	461 938 350	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samla tildeling*	Rekneskap 2020	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3457	Driftsinntekter	01		33 815 000	38 105 498	4 290 498
5309	Tilfeldige inntekter	29			364 000	
5700	Motkonto AGA	72			32 694 004	
<i>Sum inntektsført</i>					33 815 000	71 163 502

Netto rapportert til løyingsrekneskapen**390 774 848****Kapitalkontoar**

60086201	Noregs Bank KK / innbetalingar				67 026 378	
60086202	Noregs Bank KK / utbetalingar				-455 453 279	
717051	Endring i mellomvære med statskassen				-2 347 947	
Sum rapportert					0	

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)

Konto	Tekst	31/12/2020	31.12.2019	Endring
717051	Mellomvære med statskassen	-11 747 285	-9 399 338	-2 347 947

* Samla tildeling skal ikkje reduserast med eventuelle gitte løyingsfullmakter (gjeld både for utgiftskapittel og inntektskapittel). Sjå note B *Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år* for nærmare forklaring.

NOTE A Forklaring av samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
45701	16 344 000	356 440 000	372 784 000
45745		20 000 000	20 000 000
345701		-33 815 000	-33 815 000

NOTE B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meir-utgift (-) / mindre-utgift	Utgiftsført av andre ut frå gitte løyvingssfullmakter (-)	Meir-utgift (-) / mindre-utgift etter gitte belastingsfullmakter	Meir-inntekter / mindre-inntekter (-) ut frå meir-inntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller frå løyving for neste år	Innsparingar (-)	Fullmakt til å overskride løyvinga med overtid, reisetid og timelønn for november 2020*	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp**	Mogleg overførbart beløp uterekna av verksemda
045701/345701		9 187 124		9 187 124	4 290 498			418 425	13 896 047	17 822 000	13 896 047
045745/345745	Kan overførast	15 936 591		15 936 591					15 936 591		15 936 591

* Denne kolonnen er berre aktuell for verksemdar som er lønnskunde av DFØ, og som er påverka av omlegginga av utbetalingsløyvinga i DFØ. DFØ har i 2020 endra utbetalingsløyvinga for overtid, reisetid og timelønn. Dette fører til at verksemdar som er lønnskundar av DFØ, for rekneskapsåret 2020 vil utbetale overtid for 13 månader (november og desember 2019 og januar til november 2020). Dei påverka verksemdene har fått fullmakt til å overskride løyvinga i 2020 tilsvarende eingongseffekten som er knytt til omlegging av utbetalingsløyvinga i DFØ.

** Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av løyvinga i år på driftspostane 01–29, unntatte post 24, eller summen av løyvinga for dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Mottekne belastingsfullmakter

NSM har frå Forsvarsdepartementet fått ei belastingsfullmakt for utgifter som er knytte til FoU, på 10 999 000 kroner på kapittel/post 176001 og 18 617 000 kroner på kapittel/post 176045. Forbruket på kapittel/post 176001 utgjør 8 505 376 kroner, altså eit mindreforbruk på 2 493 624 kroner. Forbruket på kapittel/post 176045 utgjør 21 197 697 kroner, dvs. eit meirforbruk på 2 580 697 kroner. Samla meirforbruk utgjør 87 073 kroner. Vi søker å dekkje meirforbruket gjennom ein tilsvarende reduksjon i belastingsfullmakt for 2021.

NSM har frå Forsvarsdepartementet fått ei belastingsfullmakt for utgifter som er knytte til P2950, på 16 000 000 kroner på kapittel/post 176001 og 17 700 000 kroner på kapittel/post 176045. Forbruket på kapittel/post 176001 utgjør 14 629 754 kroner, altså eit mindreforbruk på 1 370 246 kroner. Forbruket på kapittel/post 176045 utgjør 17 598 783 kroner, altså eit mindreforbruk på 101 217 kroner. Samla mindreforbruk utgjør 1 471 463 kroner. Vi søker å overføre mindreforbruket til belastingsfullmakt for 2021.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter

NSM har fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter.

Mogleg overførbart beløp

Den ubrukte løyvinga til NSM på kapittel/post 045701/345701 er på 13 896 047 kroner. Fordi dette beløpet er under grensa på 5 prosent, blir 13 477 622 kroner rekna som mogleg overføring til neste budsjettår.

Den ubrukte løyvinga til NSM på kapittel/post 045745/345745 er på 15 936 591 kroner. Fordi tildelinga har stikkordet «kan overførast», blir 15 936 591 kroner rekna som mogleg overføring til neste budsjettår.

Oppstilling av artskontorapporteringa 31.12.2020

	Note	2020	2019
Driftsinntekter som er rapporterte til løyingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr			
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	8 060 000	14 358 282
Sals- og leigeinnbetalingar	1	30 045 498	85 442 588
Andre innbetalingar			
<i>Sum innbetalingar frå drift</i>		38 105 498	99 800 870
Driftsutgifter som er rapporterte til løyingsrekneskapen			
Utbetalinger til lønn	2	266 122 201	244 964 041
Andre utbetalingar til drift	3	163 448 233	188 652 645
<i>Sum utbetalingar til drift</i>		429 570 434	433 616 686
Netto rapporterte driftsutgifter		391 464 936	333 815 816
Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter			
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løyingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar			
Utbetaling til kjøp av aksjar			
Utbetaling av finansutgifter	4	25 038	11 948
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		25 038	11 948
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		21 476	11 948
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr o.a.			
<i>Sum innkrevjingsforvaltning og andre overføringar til staten</i>		0	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalinger av tilskot og stønader			
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel*			
Grupplivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		364 000	0
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		32 694 004	30 116 323
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		32 346 441	20 817 695
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		-711 564	-9 298 628
Netto rapportert til løyingsrekneskapen		390 774 848	324 529 135

Oversikt over mellomvære med statskassen**

Eigedelar og gjeld	2020	2019
Fordringar	6 000	0
Kontantar		
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-9 599 922	-9 399 338
Skuldige offentlege avgifter	-2 549 719	0
Anna gjeld	396 356	0
Sum mellomvære med statskassen	5	-9 399 338

* Andre ev. inntekter/utgifter som er rapporterte på felleskapittel, er spesifiserte på egne linjer ved behov.

** Spesifiser og legg til linjer ved behov.

NOTE 1 Innbetalinger frå drift

	31.12.2020	31.12.2019
Innbetalinger frå gebyr		
<i>Sum innbetalinger frå gebyr</i>	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar		
Tilskot Norcert	8 060 000	7 152 500
<i>Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>	8 060 000	7 152 500
Sals- og leigeinnbetalinger		
Konferanseinntekter	1	5 500 497
Brukarbetaling	11 753 245	14 691 120
Vidarefakturering, reise	133 443	701 442
Vidarefakturering, lønn	3 636 929	1 737 340
Diverse inntekter	14 521 880	70 017 972
<i>Sum sals- og leigeinnbetalinger</i>	30 045 498	92 648 370
Andre innbetalinger		
<i>Sum andre innbetalinger</i>	0	0
Sum innbetalinger frå drift	38 105 498	99 800 870

NOTE 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2019	31.12.2018
Lønn	213 098 290	196 466 082
Arbeidsgivaravgift	32 694 004	30 116 323
Pensjonsutgifter*	24 325 765	22 218 530
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-7 550 465	-5 488 367
Andre ytingar	3 554 606	1 651 473
Sum utbetalinger til lønn	266 122 201	244 964 041
Talet på utførte årsverk:	289	276

* **Nærmare om pensjonsutgifter:**

Frå og med 1. januar 2017 betaler verksemda pensjonspremie til SPK. For 2020 er arbeidsgivardelen av pensjonspremien på 12 prosent.

NOTE 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2020	31.12.2019
Husleige	15 433 835	28 142 969
Andre utgifter til drift av egedom og lokale	15 596 031	40 028 780
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr o.a.	330 389	114 866
Mindre utstyrsinnkjøp	50 647 977	28 098 355
Leige av maskiner, inventar og liknande	35 274 617	22 120 236
Kjøp av konsulenttenester	18 877 231	0
Kjøp av andre framande tenester	11 722 538	38 883 363
Reiser og diett	3 169 826	8 148 496
Andre driftsutgifter	12 395 790	23 115 579
Sum andre utbetalinger til drift	163 448 233	188 652 645

NOTE 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2019	31.12.2018
Innbetaling av finansinntekter		
Renteinntekter		
Valutagevinst	3 563	0
Anna finansinntekt		
Sum innbetaling av finansinntekter	3 563	0
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	25 038	11 948
Valutatap		
Anna finansutgift		
Sum utbetaling av finansutgifter	25 038	11 948

NOTE 5 Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

	31.12.2020	31.12.2020	
	Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomvære med statskassen	Skilnad
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og partar*			0
Obligasjonar			0
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	54 000	0	54 000
Andre fordringar	6 000	6 000	0
Bankinnskot, kontantar og liknande			0
<i>Sum</i>	60 000	6 000	54 000
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			0
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-1 697 648	0	-1 697 648
Skuldig skattetrekk	-9 599 922	-9 599 922	0
Skuldige offentlege avgifter	-2 549 719	-2 549 719	0
Anna kortsiktig gjeld	-2 033 644	396 356	-2 430 000
<i>Sum</i>	-15 880 933	-11 753 285	-4 127 649
Sum	-15 820 933	-11 747 285	-4 073 649

* Verksemdar som eig finansielle anleggsmidler i form av investeringar i aksjar og selskapspartar, fyller også ut note 8 B.

Design: HyperRedink
Manus: NSM
Foto: Getty Images,
Unsplash, Stortinget

NASJONALT TRYGGINGSORGAN

Postboks 814, 1306 Sandvika

postmottak@nsm.no

www.nsm.no

